



Bømlo  
kommune

# Kva skjer

## Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **9. september til 15. september**



### **Måndag 9. Kl. 10.30 - Jenter på tur - Røde Kors-huset**

Turgruppe for damer rundt om på dei ulike turstiane i kommunen vår. Denne måndagen går turen til Dyrnes. Oppmøte ved parkeringsplassen til Røde Kors-huset. Alle betaler kr 25 til sjåføren som kører.



### **Tysdag 10. Kl. 12.00 - Ope bibliotek - Moster Amfi**

Besøk det sjarmerande bygdebiblioteket i amfiet, ein filial under Bømlo folkebibliotek.



### **Onsdag 11. Kl. 12.00 - Seniorsymjing- Bømlo symjehall**

Velkommen til symjing for godt voksne i Bømlo symjehall. Ein kan symje i begge bassenga, alt etter kva ein ynskjer. Det er Aqua Gym kl 12.30-13.00 for dei som ynskjer å vera med på det. Bill.pris kr 70.



### **Torsdag 12. Kl. 10.00 - Torsdagstreffen - Røde Kors- huset**

Torsdagstrekk kvar veke med stoltrim frå kl 10.00 og servering av smørbrød, kaffi og kaffimatt frå kl 11.00.



### **Torsdag 12. Kl. 17.30 - Sjakk - Bømlo folkebibliotek**

Er du glad i å spela sjakk? På biblioteket kan du koma å spela sjakk med andre interesserte, uansett alder og språk. Her får du høve til å treffe andre entusiastar og ein arena til å dyrke hobbyen din.

**Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?**

Gå til nettsidene [bomlo.kommune.no](http://bomlo.kommune.no)

Leveres i  
samarbeid med



# Nytt og nyttig

## BBH med ny flott sansehage

**Uansett vêr og vind kan ein no få tilbod om frisk luft i nye vakre omgjevnadar ved Bømlo bu og helsecenter.**

Det er laga til ein fargerik sansehage med flotte blomar, trær og bærbuskar.

Sansehagen er tilrettelagt med godt belyste gangstier med benker strategisk plassert rundt omkring i flere soner i hagen.



*Foto: Bømlo kommune, Isabel Knutsen*



*Foto: Bømlo kommune,*

I hagen er det og lagt opp til ulike aktivitetar som ein kan kosa seg med. Sett deg gjerne ned med ein kopp kaffi i pergolaen i ro og fred eller utfordra ein av dine til eit parti med sjakk.

Det er også rom for å tenne i bålgrua uansett årstid. Det viktigste er å få kjenne gleda av alt det vakre årstidene kan tilby.

### Kontaktinformasjon Bømlo kommune:

E-post:  
[postmottak@bomlo.kommune.no](mailto:postmottak@bomlo.kommune.no)  
Telefon: 53 42 30 00

**Er det noko du saknar i dette informasjonsarket?**

Ta kontakt på [kommunetest@posten.no](mailto:kommunetest@posten.no)